

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/7328-19

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjera slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

1. Innspel frå opplæringskontor
2. Avgangselevar i grunnskulen
3. Utlyst tilbod og inntekne elevar per skule skuleåret 2016-2017
4. Søkjar utan læreplass 30.08.16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 skal handsamast i hovudutval for opplæring 22.11.2016.

I Opplæringslova §12-4 står:

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod".

Fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval hadde møte med opplæringskontora 29. september. Tema var innspel til dimensjonering av opplæringstilbodet og tilgangen på læreplassar i dei ulike bransjane. Opplæringskontora vart inviterte til å kome med skriftlege innspel til neste års opplæringstilbod, desse er omtala i saka.

2. Føresetnader

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen, FT-sak 26/13 dannar grunnlag for strukturen i opplæringstilbodet. Tilbodet som skal lysast ut må i størst mogeleg grad vere tilpassa venta søking til vg1 (tal avgangselevar frå grunnskulen), og vidareføring av tilbod på vg2 og vg3.

Opplæringsretten er knytt til eitt av tre utdanningsprogram på vg1, eit vg2 som bygger på det aktuelle vg1 og vg3 som bygger på aktuelt vg2. Opplæringsretten er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2017/2018 vert vidareført på same nivå som for inneverande skuleår.

Innspel frå opplæringskontora:

Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk

Opplæringskontoret meiner at strukturen i vg1 er rett dimensjonert og at ein ikkje bør endre tilbod, 14 grupper.

Vg2 bør ha 12 grupper med følgjande fordeling;

Byggteknikk 7 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane og Sogndal, 1 gruppe i Flora, Måløy og Stryn vidaregåande skular.

Anleggsteknikk 3 grupper; 2 grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Klima miljø (KEM); 2 grupper; 1 gruppe på Flora vidaregåande skule og 1 gruppe på Sogndal vidaregåande skule.

Opplæringskontoret for anlegg- og bergverkfaga

Opplæringskontoret ber om at dagens tilbod på tre grupper på vg2 anleggsteknikk blir vidareført.

Nordfjord Opplæringskontor

Opplæringskontoret ber om at det blir oppretta ei gruppe vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule.

Sogn Opplæringskontor

Opplæringskontoret gir utrykk for at dei er bekymra for vg2 kjemi og prosess. Her er det læreplassar men ikkje søkjarar. Vg3 automasjon; her må det opprettast ei gruppe ekstra slik at dei som går vg2 på Eid vidaregåande skule (ei gruppe oppretta for skuleåret 2016-2017) får fullføre opplæringa dei har starta på. Forslag til plassering er på Årdal vidaregåande skule.

Opplæringskontoret for offentleg sektor

Opplæringskontoret ber om at noverande dimensjonering av vg2 barn- og ungdomsarbeidarfaget og vg2 helsearbeidar med tilhøyrande vg1 blir vidareført utan endringar.

Opplæringskontoret for elektrofag

Vg1 elektro, 10 grupper med følgjande fordeling;

2 grupper på Sogndal, Flora, Førde og Eid, 1 gruppe på Høyanger og Årdal vidaregåande skular.

Vg2 elenergi, 6 grupper med følgjande fordeling;

2 grupper på Mo og Øyrane, 1 gruppe på Sogndal, Høyanger, Flora og Eid vidaregåande skular.

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Vg1 teknikk og industriell produksjon blir oppretthalde på dagens nivå. Det vert rekruttert til fleire fag gjennom kryssløp frå vg1 teknikk og industriell produksjon, med bakgrunn i dette bør det vere 4 grupper ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Opplæringskontoret meiner det vil vere rett å opprette tilbod om vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule.

Opplæringskontoret peikar vidare på at det er viktig at ein held fram med ei gruppe på vg2 industriell møbelproduksjon ved Eid vidaregåande skule.

Vg2 kjemi og prosess er eit fag der ein kvart å må rekruttere lærlingar frå Hordaland og Rogaland, og meiar derfor at det bør opprettast ei gruppe på Flora vidaregåande skule eller Mo og Øyrane vidaregåande skule.

Bilbransjens opplæringskontor

Opplæringskontoret ber om at dimensjoneringa blir som i dag og at tilbodet framleis vert tilgjengeleg i alle tre regionane.

Vg2 bilskade, lakk og karosseri. Erfaring frå dei siste åra visar at det er utfordrande å få fylt gruppa med søkjar frå heile fylket. Alle elevane kjem frå Sunnfjord, dette gjer at billakkerar- og opprettarverkstadane i Sunnfjord får svært mange elevar til utplassering. For å lette trykket på bedriftene har elevane ein del av praksisen på skulen og i opplæringskontoret sine lokale. Lokala er ikkje dimensjonert for 12 elevar og det vert derfor krevjande å gje desse elevane god praksisundervisning. Med bakgrunn i dette ber opplæringskontoret at det for 2017 – 2018 vert lyst ut 8 plassar i bilskade, lakk og karosseri.

Vg1 teknikk og industriell produksjon; Sogn og Fjordane Bilbransjeforeining og Bilbransjens Opplæringskontor har tidlegare peika på at rekruttering til bilfaga sviktar når vg1 TIP ikkje er tilstades som eit rekrutteringsverktøy for lokale bedrifter. Opplæringskontoret ber derfor om at det blir oppretta ei gruppe vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule.

Opplæringskontoret for transport og logistikk

Behovet for transportnæringa dei neste fem åra vil vere 70 - 80 nye sjåførar/lærlingar. Opplæringskontoret ber om tre vg2 grupper i transport og logistikk i fylket. Tilboda bør leggjast til Sogndal, Førde og Stryn.

Opplæringskontoret for hotell- og matfag

Opplæringskontoret ber om at det blir oppretta ei gruppe til ved Mo og Øyrane vidaregåande skule i tillegg til dagens dimensjonering.

Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruk

Opplæringskontoret ønsker at dagens dimensjonering blir vidareført.

4. Erfaringar frå arbeidet med formidlinga av lærlingar i 2016

30. august stod det att 56 søkjar med ungdomsrett utan læreplass, dette er ein nedgang frå året før på 35. Dei næraste vekene etter dette fekk fleire søkjarar tilbod, men i ein del lærefag har det vore vanskeleg å få læreplass til alle.

Ved skulestart vart alle søkjarar utan læreplass kalla inn til informasjonsmøte ved avgjevarskulen. Møte omhandla vg3 tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten.

I år, som tidlegare år, er tilgangen til læreplassar i bilfaga, elektrikarfaget og industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkjar. Nytt i år er at det i anleggs- og fjell- og bergverksfaga står att fleire utan læreplass. Per 1. september sto det at 30 søkjarar til læreplass i desse faga (9 i bilfaget, 10 i elektrikarfaget, 4 i industrimekanikarfaget og 7 i fjell- og bergverksfaga).

Søkjar til læreplass med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dei som ikkje får tilbod om læreplass i bedrift har rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjera seg nytte av tilboda som vert sett i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar i år vg3-tilbod i industrifaga, elektrofaga, bilfaga og i enkeltfag. I enkeltfaga blir det individuelle opplegg for elvane der dei har store delar av opplæringa ute i bedrift.

4. Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkesdirektøren registrerer at det i innspela frå arbeids- og næringslivet er peika på at det i dei fleste faga/bransjane er bra samsvar mellom kapasiteten i skule og tilgangen på læreplassar. Samstundes er det ingen av innspela som kommenterer ei samla vurdering av dimensjoneringa.

Det er fleire opplæringskontor som kjem med innspel om oppretting av vg1 TIP ved Stryn vidaregåande skule. Fylkesdirektøren vil minne om fylkestinget sitt vedtak i sak 26/13 om skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, der TIP ikkje var eit tilbod ved Stryn vidaregåande skule. Fylkesdirektøren vil òg vise til formidlinga hausten 2016 der det sto att mange søkjarar innanfor TIP-området som ikkje hadde fått læreplass 1. september.

Fylkesdirektøren legg saka fram for fagopplæringsnemnda utan tilråding.